

LINDÅS KOMMUNE  
KVERNHUSMYRANE 20  
5914 ISDALSTØ

Att: Christian Hagerup Reinshol

Bergen, 28. mars 2017

**INNLEVERING AV REVIDERT DETALJREGULERINGSPLAN FOR NESFOSSEN NÆRINGSOMRÅDE PLANID 1263-201508, SAKSNR.:15/1584 - utvida offentlig ettersyn**

Sendar med dette revidert framlegg til detaljreguleringsplan for Nesfossen Næreingsområde gnr/bnr 56/14 m. fl. for utvida offentlig ettersyn grunna utviding av plangrense og justering av % BYA.

Kryss mot fylkesveg 57, Lindåsvegen, samt veg mot akvakulturanlegget er teke med i utvida plangrense og regulert etter krav frå og dialog med Statens vegvesen.

Etter vidare vurderingar er ein kome fram til at BYA på 50 % er for låg for eit akvakulturanlegg på land. Eit slikt anlegg krev eit relativt stort fotavtrykk grunna arealkrevjande installasjonar. Det er til eksempel naudsynt å etablere eit reinseanlegg med biofilter slik at det vert mogleg å nytte seg av det same vatnet over ein lengre periode. Dette er eit basseng som krev store overflater. I tillegg er poenget med eit landbasert smoltanlegg å halde smolten lenger på land for å betre fiskehelsa. Dette krev òg større og fleire smolttankar. Dei siste utrekningane og vurderingane viser at det vert trong for å auke % BYA til 80 %.

Tiltakshavar er:

Nesfossen Smolt AS  
Lindåsvegen 1480  
5956 Hundvin

Planområdet er på 123 daa.

Ard arealplan as



Ann-Helen Nessen  
Samfunnsgeograf/planleggar  
Tlf: 92654320/55319500  
E-post: ahn@ardarealplan.no

**Vedlegg:**

1. Plankart (pdf og SOSI)
2. Planføresegn med markerte endringar
3. Planføresegn utan markerte endringar
4. Planskildring med konsekvensutgreiing og med markerte endringar
5. Planskildring med konsekvensutgreiing utan markerte endringar
6. Illustrasjon - skisse anleggsveg
7. Illustrasjon med profil/snitt 1, 2 og 3
8. Profil/snitt 4